



Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:** 22/39069

**Dato:** 31.05.2022

## **Justert oppmoding om busetting 2023 - Masfjorden kommune**

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) ber om at brevet vert distribuert til:

- Ordfører
- Kommunedirektør/byrådsleiar

Det ekstraordinært høge talet på flyktningar frå Ukraina held fram med å vekse som resultat av Russland sin invasjon i februar 2022. Dei humanitære følgjene er dramatiske i Ukraina. I Europa er det meir enn 8 millionar fordrivne menneske frå Ukraina.

Då krigen starta, oppmoda IMDi alle kommunane i landet om å busette flyktningar. Til saman busette Noreg rekordmange flyktningar på kort tid. Kommunane har gjort ein særskilt viktig innsats for å handtere situasjonen. Det har aldri kome så mange flyktningar til Noreg i moderne tid, og det kjem stadig ukrainske flyktningar over grensa til Noreg.

Kommunane har ei nøkkelrolle i busettinga og integreringa av flyktningane som kjem til Noreg. Tilbakemeldinga frå oppmodinga for 2023 viser at det framleis er stor vilje til å busette flyktningar. Samstundes er behovet for busetting i Noreg større enn den kapasiteten kommunane har meldt inn.

Oppdaterte prognoser frå utlendingsforvaltinga peiker på eit økt busettingsbehov i inneverande år. Behovet er dermed større enn det som låg til grunn då oppmodinga vart sendt i fjor. Det er no naudsynt å auke talet på busettingsplassar. IMDi sender difor ei oppmoding om å busette til saman 38 000 flyktningar i 2023.

Innsatsen kommunane gjer for busetting og integrering av flyktningar i Noreg vert minst like viktig i tida framover. Talet som kommunane vedtek og gjer tilgjengeleg for busetting, vil ha ei avgjerande betydning for vår samla evne til å ta hand om flyktningane som kjem til Noreg. Det er

viktig at kapasiteten til å busette flyktningar justerast i tråd med det nye behovet. Vi oppfordrar difor kommunane til å fatte vedtak i tråd med oppmodinga.

Regjeringa har foreslått fleire verkemidlar for å støtte kommunane i arbeidet med å auke busettinga. Det er eit forslag i revidert nasjonalbudsjett for 2023 at kommunane får eit ekstra tilskot på 50 000 kroner for kvar flyktning dei busetter utover opphavleg oppmoding frå IMDi i november. IMDi vil samstundes bidra med støtte og rettleiing til kommunane for vidare busetting og integrering av flyktningar i året som kjem.

### **Ny oppmoding for 2023**

IMDi har fått innspel frå fylkeskommunane i arbeidet med fordelinga av oppmodningstalet til kommunane. Etersom dette heng saman med den opphavlege oppmodinga, ligg dei same oppmodingskriteria og vurderingane for 2023 til grunn som i den opphavlege oppmodinga for i år.

### **Kommunen dykkar har vedtatt å busette 21 flyktningar. Vi oppmodar Masfjorden kommune om å busette 50 flyktningar.**

Behovet for busetting av desse flyktningane gjeld for heile året og ein kan vente fordelingar utover året.

Plassar som ikkje vert nytta i 2023 overførast ikkje til 2024. Personar som er søkt ut til kommunen i 2023, men som først vert registrert som busett etter årsskiftet, vil telje på kommunens vedtak for 2024. Dette er ei vidareføring av gjeldande praksis.

### **Svar på oppmodinga**

Vi ber om at det kjem tydeleg fram av vedtaket kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2023. Vi oppfordrar til å gjere vedtak i tråd med talet det er oppmoda om. Det er eit forslag i revidert nasjonalbudsjett for 2023 at kommunar får ekstra midlar for kvar flyktning dei busetter over opphavleg oppmoding. Vedtaket skal ikkje inkludere familiegjenforeina eller innehalde andre reservasjonar.

Vi har behov for raskt svar. Ver difor venleg og svar på denne oppmodinga så snart som mogleg, og seinast innan 31. august 2023. Viss det ikkje er mogleg å sakshandsame innan fristen, ber vi om beskjed om når svaret kan vere klart. Vi legg til grunn at busettinga i kommunen kan halde fram i påvente av politisk handsaming i kommunen, i tråd med gjeldande praksis.

Når det er gjort eit vedtak, ber vi kommunen om å:

- sende skriftleg kopi av vedtaket til [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no) med kopi til KS ved [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no) og til fylkeskommunen
- registrere vedtakstalet i IMDi sitt fagsystem for busetting (IMDinett) etter at oppmodinga er mottatt digitalt

**Kontakt**

Ta kontakt med IMDi ved spørsmål kring oppmodinga. IMDi sitt kontaktsenter har telefon 40 00 19 60 og e-post: [post@imdi.no](mailto:post@imdi.no).

Med venleg helsing,  
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet,

Lisbeth Fransplass Røren  
Konstituert direktør

**Mottakarar:**

Masfjorden kommune

**Kopimottakarar:**

KS-kommunesektorens organisasjon  
Vestland fylkeskommune